



Fjellgardane skule v/ rektor Stig
Ertzeid
Bykle barne- og ungdomsskule
v/ rektor Rønnaug Torvik

Vår ref.: 2017/1097-10 | Sakshandsamar: Leif Kvinlog
leif.kvinlog@bykle.kommune.no

Dato
18.10.2019

RAPPORT KOMMUNALT TILSYN EIGNE SKULAR

Opstart tilsyn

Underteikna starta kommunalt tilsyn med eigne skular i form av eit brev 3. sept. til skulane v/ rektor. Tema for tilsynet var **Opplæringslova kap. 9A – Elevane sitt opplæringsmiljø**. Særleg ville eg sjå etter korleis rektor sørger for at elevane, føresette og tilsette blir informert om innhaldet i kap. 9A og skulen sine planar og rutinar kring same tema. Eg ville også undersøke korleis skulen sikrar seg at «alle som arbeider ved skulen følger med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø» og at involverte elevar blir høyrte i konkrete saker.

Rektorane svara skriftleg på spørsmåla og sendte med aktuelle dokument.

Tilsendte dokument:

1. Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtfærd
2. Skulane i Bykle sitt arbeid med elevane sitt skulemiljø

Del to av tilsynet.

Del to av tilsynet var å besøke skulane og intervju rektor, ein foreldrerepresentant ved kvar skule, ein lærar ved kvar skule og elevrådet ved ungdomsskulen.

Hovudintrykk etter intervju.

Hovudintrykket er at elevar, føresette og tilsette veit kva dei skal gjere om ein sjølv blir involvert i ein mobbesak eller observerer noko som kan bli ein mobbesak. Dei veit at ein kan vende seg til ein lærar, kontaktlæraren, andre tilsette, helsesjukepleiar, sosiallærar eller rektor. Dei visste også at ein kunne finne informasjon om dette temaet på skulane si heimeside. Ein visste også at det er eleven si oppleving av ein situasjon som skal takast på alvor, ikkje kva andre måtte meine er det rette. Både elevar og føresette var ikkje heilt sikre på kva som måtte til for at Fylkesmannen kunne kopløst inn i ein konkret sak.

Rektorane sin informasjon til elevane.

I samband med skulestart er alle elevane samla og rektor informerer om deira rettar etter kap. 9A og elles om innhaldet i kapitlet. Kontaktlærar tek opp att dette i sine klassar. Elevane svarer at dei veit kva dei kan gjere om dei ser eller sjølv opplever mobbing. Dei kan melde frå via foreldra eller dei kan snakke med den dei vil av dei vaksne på skulen.

Dei hadde nok ikkje så klart bilete av kor tid ein kunne vende seg til Fylkesmannen. Det skal dei få informasjon om av skulen viss ein opplever å bli mobba. Dei kjente til at det var eit mobbeombod i fylket.

Rektorane sin informasjon til føresette.

Rektorane informerte om kap. 9A på foreldremøte for alle foreldra i samband med skulestart. Det ligg også informasjon på skulane sine heimesider. Foreldra visste at ein kunne kontakte skulen via ein av dei tilsette som tek saka vidare til rektor eller ved å kontakte rektor direkte. Foreldra hadde heller ikkje så klart bilete av kva rolle Fylkesmannen kunne ha i ei konkret sak. Dei visste om at det er eit mobbeombod i fylket. Foreldra hadde erfart at skulen var raskt på banen viss nokon meldte frå om noko som kunne vere ei mobbesak.

Rektorane sin informasjon til tilsette.

Rektorane informerte om innhaldet i kap. 9A ein av planleggingsdagane i samband med skulestart kvart år. Det vert poengtert at dei som jobbar ved skulen har ei plikt til å gripe inn om ein får kjennskap til eller sjølv ser nokon bli mobba, trakassert, diskriminert, krenka eller utsett for vold. Ein må varsle vidare til rektor som så har plikt til å lage ein skriftleg handlingsplan når nokon melder at ein ikkje har det trygt og godt. Rektorane informerte også om skulane sine rutinar for å ha skriftleg dokumentasjon på det som skjer i ein sak.

Korleis fylgjer skulen med på at elevane har eit trygt og godt skulemiljø?

Rektorane og lærarane opplyser om mange system og måtar skulen fylgjer med på om elevane har det trygt og godt. Den viktigast og beste måten er dei tilsette sin daglege kontakt med elevane der elevane sjølv kan melde frå eller at dei tilsette observerer noko som ikkje er greitt for enkeltelevar. Då PALS-systemet i si tid blei innført ved skulane medførte det bl.a. at ein auka talet på lærarar som var vakt ute i friminutta. Lærarane opplyser at dei opplever å ha god oversikt i og med at talet på elevar pr. vaksen er lågt. Som for barnehagane ser ein at god bemanning er god førebygging mot for eksempel mobbing!

7. og 10. kl. svarar kvart år på den landsomfattande Elevundersøkinga. Der blir dei bl.a. spurt om dei opplever mobbing eller anna uønska åtferd frå medelevar eller vaksne. Sidan ikkje alle elevane er med på undersøkinga, gjennomfører skulane ei lokal spørjeundersøking for desse.

I samband med foreldrekonferansane, som er to gonger i året, gjennomfører skulane også ein samtale med eleven der spørsmål kring trivsel og eventuell mobbing er sentrale.

Status kring elevane sitt læringsmiljø er stadig oppe på personalet sine fellesmøter og elles trinnmøter og klassemøter på skulane.

Rutinar for tilsette og skulen når ei sak blir varsla.

Skulen har utarbeida system og rutiner når ei sak blir varsla. Skulane passar på at ei sak blir skriftleg dokumentert. På skulane sine heimesider finn ein også informasjon kring saksgong og hjelp elles på Utdanningsdirektoratet sine sider.

Korleis blir involverte elevar høyrte?

Fylkesmannen opplyser at i mange av dei sakene som kjem til han så er elevane blitt mangelfullt involvert. Skulane i Bykle har fast rutine på at involverte elevar og foreldre blir kalla inn til møte der ein får uttale seg både om kva som har skjedd og kva som kan vere løysingar i ein sak. I skjema skulane bruker i ein slik samanheng ser ein også dette.

Med helsing
Bykle kommune

Leif Kvinlog
skulefagleg rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.